

Årsmelding Leiknes blåseorkester 2014.

Leiknes Blåseorkester har 18. medlemmer, to av medlemmene har i perioder vore vekke grunna sjukdom.

Dirigent er Olav Kristiansen.

Styret 2014 har vore :

Formann Grethe Kålås Økland.

Kasserar Anders Myhr.

Atle Landro.

Per Heggernes.

Vibeke Veland.

Korpset har hatt øving på Leiknes skule, øving kvar torsdag 19.30-22.00.

Me starta opp med 1. øving 9.januar.

Lørdag 1. februar, var me med og feira 10 års jubileum for Hjelmås mannskor i Strilatun.

15. februar hadde me seminar på Leiknes skule. Dei fleste var med, triveleg dag.

Me hadde planlagd vårkonsert 30.mars på Fammestad, men det var vanskeleg å få med andre som kunne underhalda, så konserten vart avlyst. I staden hadde me ein torsdagskonsert på skulen 3. april. Me var spente på om me fekk plass til publikum, det gjekk fint, alle som kom fekk plass, kaffi og gode kaker. Alle var og flinke til å kjøpa lodd. Ein kjekk og «avslappa» konsert. Ein slik konsert må me prøva å få til igjen, medan me venta på Storstova.

17 mai og speing i toget, og på skulen. Me fekk lov å sitja på tilhengar, og musikken og humøret var på topp.

Helga 24. og 25. mai var me på tur til Flom, vart ikkje speling grunna litt fram og tilbake med dirrigent. God mat og drikke, godt humør, fint vær, og fin natur. « Noken » kom heim att med fine nye sko.

Vårsesongen vart avslutta med speling til gudstenesta på Håøytoppen 29. mai. Kristihimmelfartsdag. I år var været fint, « Rutten » skyssa oss over fjorden, og alle kom til toppen. Ein kjekk tradisjon. Flinke kara skaffa oss sponsorar til programmet. Og skryt til Lars Bjørnar, som laga program.

Høst sesongen starta med 1. øving 28. august.

Seminar på skulen 20. september. Godt oppmøte, og godt humør, og etter kvartgod lyd, som alltid når me har øving.

Me hadde tenkt å prøva å få til ein konsert på skulen i slutten på september, men me kom til at me trengde meir øving, torsdagane gjekk fort.

Konsert med Osterklang i Ostereide kyrkje søndag 3. november, kjekk konsert og me fekk skryt.

30. november var det adventskonsert i kapellet , i lag med Hjelmås mannskor, ein fin tradisjon. Skjølv om kyrkja i Knarvik opna denne helga, kom det publikum til oss og. Fin sang og musikk og alle koste seg.

10. desember spelte me i Hillesvågen til julepregang rundt juletre i rundkjøringa. I år var det både bløst og regn, gjengen frå LBO gjorde ein flott jobb.

18. desember spelte me i Knarvik senter, ein koseleg avslutning før jul.

Me har hatt eit kjekt år i LBO, alle er flittige og kjem på øving. Av og til er me fornøgde med eigen innsats og andre gangar kunne det godt bedre. Men humøret er på topp, og det er plass til ein god kommentar. Ynskje for neste år er fleire musikanter.

Styret takkar for året 2014.